

BREMANGER KOMMUNE

REGULERINGSPLAN FOR STEINBROT AKSLA

Del av gnr. 76 Hennøya

Reguleringsføresegner:

Jamfør plan- og bygningslova (pbl) kapittel 12

Planid.: 1438.2016.03

Dato: 5.4.2018.

§1 GENERELT

Føresegnene gjeld for områder som på plankartet er markert med plangrense. Innanfor denne avgrensinga skal arealet nyttast som vist i planen.

I samsvar med plan- og bygningslova kapittel 12 er areala regulert til følgjande formål:

Bygningar og anlegg (pbl § 12-5 nr. 1)

- Steinbrot og masseuttak (BSM)
- Industri (BI)

Landbruks-, natur og friluftsmål og reindrift (pbl §12-5 nr. 5)

- Landbruksformål (L)

Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone (pbl §12-5 nr. 6)

- Hamneområde i sjø (VHS)

Omsynssoner (pbl §12-6)

- Faresone, høgspenningsanlegg (H370)
- Ras-og skredfare (H310)

Føresegnsområder (pbl §12-7)

- Førsegnområde #1

Automatisk freda kulturminne ID 232593 skal være frigitt før utbygging.

§ 2 FELLES FØRESEGNER

2.1 Føresegnene gjeld innanfor ramma av plan- og bygningslova med tilhøyrande vedtekter for Bremanger kommune.

2.2 Når særskilde grunnar talar for det kan kommunen gjere unntak frå desse føresegnene innan reglane i plan- og bygningslova.

2.3 Drift av steinbrotet vert regulert av eigne lover og forskrifter.

2.4 Tunnelinnslag mot Frøysjøen må plasserast innanfor BI5.

2.5 Rekkefølgekrav

1. Det skal vere ferdigstilt sikring mot steinsprang mellom fjell og dei to hyttene på kvar side av Langeneset (bnr. 14 og bnr. 17) før start av anleggsarbeid innanfor BSM3. Sikringa skal i størst mogleg grad tilpassast landskapet og dei øvrige bygningane på staden.

Rassikringstiltak i faresone H310_4 skal vere gjennomført før igangsetjing av tiltak i industriområde BI5. Rassikringstiltak skal vera prosjektert og utført av fagperson.

2. Kulturminne # 1 skal være frigitt av kulturmynda før oppstart i BI5. Kulturminne ID 232595 skal vere frigitt av kulturmynda før det kan settast opp rasvoll ved dei to hyttene på kvar side av Langeneset (bnr. 14 og bnr. 17).

2.6 Krav om opp fyljande undersøkingar

(pbl 12-7).

Ved søknad om løyve til tiltak må det dokumenterast at tiltaket kan tole forventa vindlast.

Det må utarbeidast eit overvakingsprogram for miljøtilstanden i Skorbotnvatnet, vassdraget nedstrøms og Frøysjøen. Dersom målingane viser høgare nivå enn det som er tilate i henhold til utsleppsløyve må det iverksettast ytterlegare tiltak som hindrar at partiklar frå steinbrotdrifta spreiar seg til Frøysjøen. Slike tiltak skal iversettast i samråd med forureiningsmynden. Tiltaka skal også ta høgde for ekstreme nedbørmengder.

Det skal gjennomføre eit måleprogram for å måle nedfallet av støv ved dei nærmaste naboane i Hennøystranda. Detaljane i eit slikt måleprogram vert fastsett av Fylkesmannen.

Det skal ved oppstart i BM3 iverksettas tiltak som overvakar brønnane til hyttene på bnr. 14 og 17.

2.7 Avslutning

Seinast 2 år etter at uttaket av stein er avslutta skal alle bygg, anleggsplassar, anlegg og installasjonar på land- og sjø områder fjernast og terrenget utanom steinbrota så langt praktisk mogleg attførast til opprinneleg tilstand.

§ 3 BYGNINGAR OG ANLEGG

(pbl § 12-5 nr. 2)

3.1 Steinbrot og masseuttak. (BMS1, BMS2 og BMS3)

3.1.a I området vert det tillate sedimenteringsanlegg, uttak, knusing, transport og lagring av stein.

3.1.b Pallehøgde vert fastsatt i driftsplan. Øvste brotkant skal skråsprengast med fall 1:2 i minst 20 meter slik at det omkringliggende terreng dannar ein overgang til nedanforliggende palletrinn og det vert plass til nødvendige sikringstiltak for å hindre at dyr og menneskjer skadar seg under drift og seinare.

3.1.c Driftsplanen skal fastsette verkemidlar for å hindra steinsprang utanfor planområdet og fastsette plan for varsling til omgjevnadene ved sprenging.

3.1.d Når uttak av stein vert avslutta, kan området nyttast til deponi av masser. Plan for avslutning av brotet og deponering av overskotsmasse frå drifta skal visast i driftsplanen.

3.1.e Driftsplanen skal sendes kommunen til uttale før den sendes til direktoratet til handsaming.

3.2 Steinbrot og masseuttak. (BMS1)

Kanten på Steinbrotet skal ligge på kote 420. Lågaste nivå i steinbrotet skal, etter at brotet er avslutta, ikkje vere under ca. kote 180.

BMS1 er ein del av Dyrstadbrotet. Driftsplan for Dyrstadbrotet er utarbeidd og gjeld for dette området.

3.3 Steinbrot og masseuttak. (BMS2 og BMS3)

Kanten på steinbrotet skal på det høgaste punktet ikkje vere lågare enn kote 500 og følgje eksisterande den naturlege terrengkote 500 så langt praktisk mogleg.

Brotkanten vestover skal følgje terrenget til det flater ut på om lag kote 420.

Lågaste nivå i steinbrotet skal ikkje vere lågare enn om lag kote 180.

3.4 Industri Underjordisk anlegg (BSM4)

Det underjordiske anlegget (knuseverk i sjakta) skal merkast / lyssettas forsvarleg og i tråd med gjeldande krav / føresegner. Det skal utarbeidast ein brannberedskapsplan i samråd med Bremanger kommune som skal godkjennast før anlegget tas i bruk. Endeleg plassering av anlegget fastsettast i driftsplanen.

3.5 Industri (BI 1-5)

Det kan byggast vegar innanfor industriområda. Vegar og annan infrastruktur skal ikkje vere nærare vatn, vassdrag og bekkar enn 20m.

3.6 Industri Deponi av fjellreinskemasse (BI1 og BI3)

I området kan det etablerast deponi av fjellreinskemasser og andre massar som ikkje kan nyttast i produksjonen. Når uttak av stein vert avslutta i eksisterande brot, skal massane flyttast til steinbrotet. Plan for dette skal visast i driftsplanen. Anleggsveger må ikkje etablerast lågare enn kote +392.

3.7 Industri Anleggsområde (BI2)

I området kan det oppførast bygningar og anlegg knytt til verksemda, som velferdsbygg, verkstad og vaskehall. Elva som renn gjennom området er ein del av sedimenteringsløysinga for tilgrensande steinbrot, og må takast omsyn til i den vidare planlegginga. Tiltak innanfor formålet må ikkje etablerast lågare enn kote +392.

3.8 Industri Sedimentering (BI4)

Skorabotnvatnet nyttast som sedimenteringsbasseng for avrenning av overflatevatn frå steinbrotet på Aksla og Dyrstad. Det kan ved trong etablerast kunstige sedimenteringsanlegg i området. Anleggsveger må ikkje etablerast lågare enn kote +392.

3.9 Industri Utskipingsområde (BI5)

I området kan det oppførast bygningar og anlegg knytt til verksemda, samt lagrast stein til utskiping. Før oppstart anleggsveg skal areal med registrete sårbare artar i nordaust merkast med sperreband. Anleggsveg, plass for oppstilling av køyretøy og transportband som plasserast innanfor faresone H310_1 må plasserast nedanfor tilstrekkeleg sikring.

4. LANDBRUKS-,NATUR OG FRILUFTSFORMÅL OG REINDRIFT

(pbl §12-5 nr. 5)

4.1 Landbruk, natur og friluftsområde (L1,L2)

Områda kan nyttast til landbruks, natur og friluftsmål. Innanfor desse områda skal dagens vegetasjon oppretthaldast.

4.2 Natur og friluftsliv (L2)

Traseen som ligg i L2 skal vere open for allmenn ferdsel og vere bindeleddet mellom aust og vestsida av brota.

5. BRUK OG VERN AV SJØ OGVASSDRAG, MED TILHØYRANDE STRANDSONE (pbl §12-5 nr. 6)

Utskipingsområdet i sjø skal nyttast til lasting og lossing av stein, samt trafikkområde for lastebåtar. I sjøen kan det etablerast manøvreringsøyler. Det kan ikkje settast opp andre gjenstandar i området som kan hindre manøvrering av lasteskipa.

6. OMSYNSSONER

(pbl §12-6)

6.1 Faresone, høgspenningsanlegg (H370)

Tiltak innanfor omsynssona og sprenging nær linja må avklarast med eigar av anlegget. Sprenging nær linja må gjerast med ekstra aktsemd. Beltet for 132 kV lina er 29 meter, 14,5 meter frå senter av leidningsanlegget. Beltet for 6 kV lina er 20 meter, 10 meter frå senter av leidningsanlegget.

6.2 Ras og skredfare (H310)

Innanfor omsynssona kan det ikkje gjennomførast tiltak før det eventuelt er gjennomført risikoreduserande tiltak. Desse tiltaka må sikre at tilstrekkeleg tryggleik i samsvar med dei respektive sikkerheitsklassane i TEK17 er nådd.

6.2.1 H310_1 er fareområde i sikkerheitsklasse S1, sannsyn for skred $\geq 1/100$.

6.2.2 H310_2 er fareområde i sikkerheitsklasse S2, sannsyn for skred $\geq 1/1000$.

6.2.3 H310_3 er fareområde i sikkerheitsklasse S3, sannsyn for skred $\geq 1/5000$.

6.2.4 H310_4 Område som må sikrast i form av reinsk og bolting eller ein barriere eller ein kombinasjon av disse tiltaka. Det vert ikkje tillate tiltak på terrengnivå i faresona utan at nødvendige sikringstiltak er dokumentert og utført.